

Kyrkjevalet 2019

Ver med å gje kyrkja gode råd!

Den 9. september 2019 er det val av nytt sokneråd og nytt bispedømmeråd og val til kyrkjemøtet. Gjennom stemmesetelen kan du vere med å avgjere kven som skal styre kyrkja lokalt og nasjonalt dei neste fire åra. No kan du setje deg inn i kven kandidatane er, og kva dei meiner om mange spørsmål, for bispedømmerådet og kyrkjemøtet sjå nettsia: www.kirkevalg.no

To val

Det ordinære kyrkjevalet vert halde 9. septemer 2019, same tid og på same stad som kommune- og fylkestingsvalet, men anna rom, rådhuset u.etg. Tonstad kl. 09-20 og grendekjøkkenet Sinnes skule kl. 09-18.

Det er høve til førehandsrøysting, sjå informasjon anna side i bladet. Alle medlemar av Den norske kyrkja som er busette i Sirdal, er røysteføre frå året dei fyller 15 år. Dei vil få eit valkort og ei brosjyre i posten før 10. august. Der vil det stå kor og når du kan røyste. Alle kan velje om dei vil røyste på Tonstad eller på Sinnes. Dersom du ikkje får valkortet, bør du be kyrkjekontoret, tlf. 38371600, sjekke i medlemsregisteret om du står som medlem. Dette kan du gjere frå 13. august. Hugs at du kan bli krevd å legitimere deg.

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidat til soknerådet og til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet i Sirdal har elleve medlemar sagt ja til å vere kandidat og leie kyrkjelyden dei neste fire åra. Dette er eit **fleirtallsval** der du har moglegheit til å gi nokre kandidat ei ekstra stemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved valet til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteen og Åpen folkekirke liste. Dette er eit **forholdstallsval**, der det endelege rådet speglar både kor mange stemmer kvar liste og kvar kandidat fekk. Rådet tilset prester og leiar bispedømmet saman med biskopen. Medlemene av bispedømmerådet er og medlemar av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja.

Frå juss til gudstenester

Soknerådet og bispedømmerådet sitt arbeid spenner over mange tema, f. eks. barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsettingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal syte for vekst og næring til kyrkja og lokal-samfunnet der du bur.

Sirdal sokneråd har seks faste medlemar og fem varamedlemar. I tillegg er soknepresten medlem av soknerådet. Kommunen har og ein representant i fellesrådet. Soknerådet har møte om lag tre gonger i halvåret.

Valkort og brosjyre kjem i postkassa, møt opp og stem!

**Til sist: Hugs å bruke den kyrkjelege røysteretten din,
gjørne samstundes med at du røystar i dei politiske vala!
Godt val!**

Førehandsrøysting:

Begge valkrinsar i soknet:

Kyrkjesenteret tysdagar og torsdagar 13/8-5/9 – 2019 kl. 09-14, tysdagar 13/8 - 3/9 også kl. 16-18.

Alle valkrinsar: Sirdalsheimen 3. sept. kl. 10-12.

Her røyster du valdagen:

TONSTAD 09.09.2019 kl 09:00 - 20:00 Kommunehuset, under etg., Tonstadveien 28, 4440 Tonstad

SINNES 09.09.2019 kl 09:00 - 18:00 Sinnes skule, Grendekjølkenet, Sirdalsvegen 7352, 4443 Tjørhom

Slik røyster du på soknerådsvalet:

Det skal veljast seks medlemmar og fem varamedlemmar.

Kandidatane står i prioritert rekkefølge på vallista.

Du kan levere stemmesetelen utan endringar. Alle kandidatane på stemmesetelen får då ei stemme kvar.

Vil du endre på stemmesetelen kan du:

- Gje tilleggsstemme til kandidatar på lista

Du kan gje ei tilleggsstemme til inntil tre kandidatar. Det gjer du ved å setje eit merke i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to stemmer.

- Gje personstemme til andre valbare personar i soknet

Du kan gje personstemme til inntil tre andre valbare personar i soknet. Det gjer du ved å føre opp personnamnet på stemmesetelen. Bruk store bokstavar. Personen får då ei stemme.

Andre endringar vil ikkje telje med i valoppgjeret. Det er ikkje høve til å stryke kandidatar. Bruk blå/svart penn. Skriv tydeleg. Brett stemmesetelen med teksten inn, så ingen kan sjå kva du har stemt.

Slik stemmer du på leke medlemmer til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet:

Det skal veljast sju representantar til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet.

Vel ei av dei godkjende vallistene. Kandidatane er sette opp i prioritert rekkefølge.

Du kan levere stemmesetelen utan endringar. Eventuelle kandidatar som står øvst på lista med utheva skrift, får eit stemmetillegg på 25% av personleg stemmetal. Andre kandidatar på lista får ei stemme kvar viss du ikkje gjer endringar.

Vil du endre på stemmesetelen kan du:

- Gje tilleggsstemme til kandidatar på lista du nyttar:

Du kan gje ei tilleggsstemme til inntil tre kandidatar. Det gjer du ved å setje eit merke i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to stemmer.

- Gje personstemme til kandidatar frå andre lister:

Du kan gje personstemme til inntil tre kandidatar frå andre godkjende vallister. Det gjer du ved å føre opp kandidatnamnet i feltet for kandidatar frå andre lister. Bruk store bokstavar. Kandidaten får då ei stemme.

Andre endringar vil ikkje telje med i valoppgjeret. Det er ikkje høve til å stryke kandidatar.

Bruk blå/svart penn. Skriv tydeleg.

Brett stemmesetelen med teksten inn, så ingen kan sjå kva du har stemt.

Kandidatar til Sirdal sokneråd 2019-2023

Her er dei elleve kandidatane til soknerådsvalet i Sirdal, i den rekkefølgja nominasjonskomiteen har sett dei opp. Dei har svart på tre spørsmål:

1. *Kva meiner du er kyrkja si viktigaste oppgåve i dag?*
2. *Kvifor er kyrkja viktig for deg?*
3. *Kva for saker synest du er viktigast å arbeide for i soknerådet?*

Gunnlaug Seland, Tonstad, fødd 1953, pensjonist




1) Kyrkja si viktigaste oppgåve i dag, som tidlegare, er å forkynne evangeliet, og hjelpe og rettleie menneske i alle aldrar til eit liv i kristen tru. I dag ser vi at kyrkja er utsett for press frå mange kantar, og arbeidet i kyrkja og for kyrkja blir då særskild viktig.

2) Eg kjenner meg heime i kyrkja. Kyrkja står for verdiane som er viktige for meg, og som eg ønskjer andre også skal få ta del i.

3) Trusopplæringsreformen. Eg synest at arbeidet blant barn og unge er viktig.

Dessutan er det kyrkjemusikalske arbeidet viktig for meg, og eg vil gjerne at arbeidet med både barnekoret og vaksenkorset skal vidareutviklast.

Are Myra, Tjørhom, fødd 1968, vernepleiar, miljøterapeut



1) Være ein inkluderande kulturbærar i Sirdal og Noreg. Og tilby eit logt terskel tilbod til alle som treng omtanke og ro.

2) Kyrkja har hatt/fått/tatt oppgåva som kulturbærar sidan mellomalderen og er såleis viktig for å sjå korleis Noreg har blitt slik det er i dag, og kan og hjelpe til å visa kva veg vi skal ta framover.

3) At kyrkja skal kunne ha noko å tilby alle.

Trine Røstad Ousdal, Tonstad, født 1971, lærer/miljøterapeut



1) Være en åpen og inkluderende kirke som bevarer og sprer den kristne tro og lære.

2) Fordi der kan jeg være en del av et kristent fellesskap og kirka er viktig ved spesielle hendelser i livet.

3) Barne- og ungdomsarbeid.

Kenneth Omli, Tonstad, født 1977, byggmester, takstmann



1) Jeg mener at kirken sin viktigste oppgave er å være en samlende institusjon for det norske folk. Kirken har en lang tradisjon i å samle folket til fest og i sorg. I et samfunn som synes å bli mer polariserende, mener jeg kirkens viktigste oppgave er å være samlende og opprettholde de tradisjoner som kirken er tuftet på.

2) For meg er kirken viktig fordi den følger hele livsfasen min. Jeg blir døpt, konfirmert, gift og begravet i en kristen tro.

3) Få flest mulig med i konfirmasjonsundervisningen.

Være samlende for menighetene i Sirdal (bedehus, filadelfia, m.fl.).


Ingunn Berstad Tonstad, Tonstad, født 1962, sykepleier



1) Det er å holde troen levende i folket. Formidle budskapet om at Jesus døde for alle og derfor kan tas imot av alle. Være der når folk har bruk for støtte.

2) Kirken er et sted hvor jeg blir stemt til høgtid. Jesus sa at vi skulle samles om Hans ord Han har sagt at han vil møte oss der, i ordet og i nattverden, når vi samles i hans navn.

3) Jeg synes trosopplæringa er viktigst.

**Sissel Agathe Bø , Øksendal, født 1954, pensjonert psykiatrisk hjelpepleiar**

- 1) Trusopplæring med dåp og konfirmasjon. Forkynning av Guds ord og bruk av forskjellig song - og musikk uttrykk på gudstenester og andre arrangement.
- 2) For meg har kyrkja vore viktig heile livet. Som kristen er det her eg høyrer til. Her møter eg den Heilage Gud og kan syngja ut mitt « Halleluja» og pris til Gud for full hals. I kyrkja kan eg vera med som frivillig og oppleva et viktig fellesskap. Song og musikk i kyrkja er svært viktig.
- 3) Det er vanskeleg å svara på... det er jo mange slag saker som kjem inn til eit sokneråd. Eg tenkjer at kyrkja treng å invitara «folket» meir til deltaking med f. eks forskjellig song og musikk i gudstenestene. Økonomien framover vert ein viktig sak. Ellers blir det vel aktuelt i komande periode å tilsetja ny sokneprest.

**Siri-Elisabeth Skagestad, Skibeli, født 1970, selvstendig næringsdrivende**

- 1) Jobbe for fred. Gi tilbud om sjelesorg. Spre evangeliet. Forkynne den sanne kristendom.
- 2) Familietradisjon, samhørighet. Å være en del av et fellesskap.
- 3) Å skape en så lav terskel som mulig for å få folk til å komme . Slippe ungdommen til å bruke kirka mer. Å snakke uformelt om tro til folk.

**Gunn Siri Ousdal, Ousdal, fødd 1961, butikksjef, kyrkjetener, sjølvstendig næringsdrivande**

- 1) Kyrkja skal vera ei folkekyrkje der alle er og føler seg velkomne.
- 2) Kyrkja er eit samlingspunkt både i glede og sorg.
- 3) At kyrkjene i Sirdal skal vera gode møteplassar og at kyrkja sine ressursar blir forvalta på best mulig måte for heile dalen.

**Kathrine B. Seland, Josdal, fødd 1977, reinhaldar**

- 1) Å være et samlingspunkt for folk, forkynning og ei «klippe» i kvardagen og høgtider.
- 2) Vanskeleg å svare på, kyrkja er noko som er der for oss i alle livet sine «fasar». Tryggleik.
- 3) Få fleire til kyrkja, vise at kyrkja er for alle.

**Hanne Birgitte Fodstad, Tonstad, fødd 1945, pensjonist**

- 1) Å formidle Guds kjærleik med ord og i handling til alle menneske, til tru og håp.
- 2) Kyrkja har alltid vore ein heim for meg. Der blei eg Guds barn i dåpen, og der får eg høyre til, av nåde.
- 3) Eg synest det er vanskeleg å sette ulike oppgaver opp mot kvarandre. Trusopplæring, diakoni, misjon, gudstenesteliv og kultur er alle viktige områder. Og i alt er det viktig å bygge fellesskap og tilhørighet.

**Tone Marit Bjørnstad, Tonstad, fødd 1963, gardbrukar**

- 1) Å fortelja om Gud slik at menneske får eit møte med Han og blir kjende med Han. Å vera ein stad menneske kan koma til, som vi er.
- 2) Eg er del av eit stort fellesskap i kyrkja, og der møter eg Gud i forkynning og sakrament.
- 3) Gudstenestefellesskapet. Trusopplæringa for barn og unge.

Val av leke medleamar til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet – AGDER OG TELEMARK BISPEDØMME 9. september 2019

I Agder og Telemark bispedømme er det tre lister ved bispedømmeråds - valet. Kandidatane på kvar liste står i prioritert rekkjefølgje. kvar liste står sjølv for den innleiande teksten. På vallistene til Bønnelista og Åpen folkekyrkje har dei to øverste kandidatane fått eit stemmetillegg (tidlegare kalla kumulering). På følgjande nettadresse finn du ein presentasjon av alle kandidatane, også til andre stadar i landet: www.kirkevalg.no

Nominasjonskomiteen si liste

Namn, fødselsår, stilling, bustad, poststad

1. Markus Westermoen, f. 1975, ingeniør, Kristiansand
2. Torun Heier Sodal, f. 1961, lærar, Kristiansand
3. Turid Torland Håland, f. 1966, rekneskapskonsulent, Lyngdal
4. Rolf Halvard Heimdal, f. 1951, pensjonist, Stathelle
5. Simon Ellingsberg, f. 1984, rektor, Hægeland
6. Silje Nilsen Østensen, f. 1997, student, Seljord
7. Lars Sæland Lauvhjell, f. 1950, pensjonist, Søndeled
8. Sissel Annette Marthinsen, f. 1971, lektor, Farsund
9. Shelly Byholt Rigby, f. 2001, student, fotograf, Nedenes
10. Gerd Vigdis Slettedal, f. 1951, pensjonist, Øvrebo
11. Atle Olav Ljåstad, f. 1948, pensjonist, Kragerø
12. Ståle Ryste, f. 1969, QA-koordinator, Stathelle
13. Emilie Rolstad Bjørnholmen, f. 2001, elev, Lillesand

Lista er sett saman av personar som er foreslått av ungdomsrådet, dei lokale sokna i bispedømet og ein felles nominasjonskomité, som har prioritert kandidatane. Vi representerer ingen organisasjon eller interessegruppe, og medverkar ikkje til partidanning innan kyrkja. Den enkelte kandidaten presenterer sjølv dei sakene dei spesielt vil arbeide for. Saman vil vi arbeide for kyrkja og lokalsoknet sitt beste.

Bønnelista

Namn, fødselsår, stilling, bustad, poststad

1. Håkon Kolstad Varhaug, f. 1996, snekker, byggmeister, Holum
2. Gerd Ruth Rosland Nordstrand, f. 1959, tidl. sjølvst. næringsdrivande, Holum
3. Martin Birkedal, f. 1951, adm. leiar, Høvåg
4. Elisabeth Hyldmo Landsverk, f. 1954, husmor, kunstnar, Stathelle
5. Anna Kile, f. 1988, jurist, Kristiansand
6. Martin Ellingsen, f. 1993, miljøarbeidar, Vennesla
7. Inger Dalen Lia, f. 1945, pensjonist, Skien
8. Linda Elle Haraldsson, f. 1990, sjukepleiar, Søgne
9. Bergsvein Often Normann, f. 1938, pensjonist, arkitekt, Grimstad
10. Arild Breda Gulbrandsen, f. 1959, sjølvst. næringsdrivende, Søgne

Bønnelista: Bønnelista vil vidareføre den kristne trua og tradisjonen som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibelen og vedkjenninga skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jorda, med medlemer som har Jesus som Herre, og skal ha lokalstyrte sokn med leiarar som lar seg leie av Den heilage Ande. Bli kjend med kandidatane på www.bonnelista.no

Åpen folkekyrkja si liste

Namn, fødselsår, stilling, bustad, poststad

1. Kai Steffen Østensen, f. 1994, samf. planleggar, student, Vanse
2. Terje Damman, f. 1958, fylkesordfører, Mandal
3. Ingvild Sommerfelt, f. 1992, sjukepleiar, student, Risør
4. Odin Adelsten Aunan Bohmann, f. 1985, fylkessekretær, Skien
5. Torunn Tørå, f. 1945, pensjonist, Nedenes
6. Odd-Inge Rønning Uleberg, f. 1967, kommunikasjonsrådgjevar, Vennesla
7. Solveig Nordkvist, f. 1943, pensjonist, Nodeland
8. Ingrid Cecilie Engel Sodal, f. 1985, psykolog, Kristiansand
9. Sidsel Beate Kløverød, f. 1954, pensjonist, Skien
10. Per Gunnar Disch, f. 1963, førstelektor, Porsgrunn
11. Hallgeir Oskar Gjelsvik, f. 1953, pensjonist, fysioterapeut, Nedenes
12. Solveig Botnen Eide, f. 1956, professor, Lillesand
13. Dag Øyulf Vige, f. 1951, næringsdrivande, Kristiansand
14. Bjørn Erik Høgseth, f. 1948, pensjonist, lærar, Skien
15. Naja Amanda Lyngre Møretro, f. 1996, student, Kristiansand

Åpen folkekyrkje stiller liste i Agder og Telemark for å opne opp den lokale folkekyrkja for alle, uavhengig av bakgrunn og seksuell orientering. Vi ønskjer at Den norske kyrkja skal vide-reutviklast som ei open og demokratisk folkekyrkje som fremjer menneskeverd og som motarbeidar diskriminering. Målet vårt er å byggje ei folkekyrkje som møter menneske slik Jesus gjorde, og som lyfter evangeliet i alle livet sine faser. Vi er ulike menneske frå både Agder og Telemark med engasjement for kyrkja vår, lokalsamfunnet vårt og for den verda vi lever i.